



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Truls H. Folkestad
Telefon: 57643081
E-post: fmsftfo@fylkesmannen.no

Vår dato
27.05.2013
Dykkar dato
19.04.2013

Vår referanse
2013/1843 - 522.1
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Kommentarar til høyringsutkast – forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord

Vi viser til brev frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) datert 19.04.2013.

God jordkultur er ein viktig faktor for at jordbruket i Sogn og Fjordane skal kunne bidra til å nå nasjonale målsettingar om auka matproduksjon, betre vasskvalitet og reduserte klimagassutslepp. Ein vesentleg del av jordbruksareala i vårt fylke har i dag dårleg eller ufullstendig dreneringstilstand og det er behov for tiltak som kan motivere bøndene til større innsats for drenering framover. Tilskotsordninga for drenering vil vere eit nyttig verkemiddel i denne samanhengen. Nedanfor følgjer våre kommentarar til høyringsutkastet til forskrifta.

Til §§ 1 og 6, føremål og prioritering av søknader

I innleiinga i høyringsbrevet viser LMD til dei positive effektane av godt drenert jordbruksjord, inkludert reduserte klimagassutslepp. Likevel er klima ikkje ein del av føremålet i forskrifta. Vi meiner at klimagassutslepp burde vore meir vektlagt i høyringsutkastet og vurdert nærare som ein del av føremålet. Ein del viktige jordbruksområde i Sogn og Fjordane har utfordringar med mykje nedbør og ofte dårlege forhold for gjødsling og jordarbeiding. Faren for jordskade og jordpakking er stor dersom ein må køyre på vassmetta jord. Dette kan mellom anna føre til auka danning og utslepp av lystgass. Prioritering av dreneringstilskot til desse jordbruksområda kan såleis bidra til reduserte klimagassutslepp. Samtidig har vi ein del jordbruksareal med myrjord der oppattgrøfting kan føre til større omdanning av myrjorda og såleis bidra til auka utslepp av karbondioksyd og lystgass. I eit klimaperspektiv kan det vere riktig å ikkje prioritere dreneringstilskot til slike areal. Føremålet med forskrifta vil vere eit viktig grunnlag når vi skal fordele midlane vidare til kommunane og leggje føringer for kva areal kommunane bør prioritere tilskot til. Reduserte klimagassutslepp som ein del av føremålet kan styrke dette grunnlaget.

Til §§ 3 og 5, vilkår og søknad om utbetaling

Vilkåret om miljøplan trinn 2 er lagt opp slik vi kjenner det frå SMIL-ordninga. Vi har hatt miljøplan som eit viktig tema på kurs, samlingar og kontrollar over fleire år. Likevel er vår erfaring at kvaliteten på miljøplan trinn 2 varierer svært mykje mellom søkjarane, og at kommunane praktiserer vilkåret ulikt. For å gjere forvaltninga av dreneringstilskotet mest mogleg lik og enkel å handtere for alle kommunane, tilrår vi difor at miljøplan-kravet vert ein innebygd del av søknadsskjemaet. Ein godt utfyllt søknad vil i stor grad innehalde same dokumentasjon som miljøplan trinn 2 for det aktuelle tiltaket. Søknaden inneheld som regel formulerte mål/føremål med tiltaket, eit kart med aktuelle areal og objekt, ein omtale av kva tiltak som skal gjennomførast og tidspunkt for slutføring. Før sluttutbetaling er tiltaket dokumentert ferdigstilt av søkjaren, og kommunen har gjerne kontrollert tiltaket. Vi meiner at forskrifta kan ta utgangspunkt i dette, med føresetnad om at kommunane ser til at søknaden tilfredsstiller dokumentasjonskravet til miljøplan trinn 2 for det aktuelle tiltaket. Det er også

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

ein viktig føresetnad at kommunane held fram med å krevje skriftleg dokumentasjon frå tilskotsmottakaren om at tiltaket er utført og at tilskot kan utbetalast. I tillegg må kommunane leggje vekt på at grøfteplanen og kartet som skal følgje søknaden har god nok kvalitet. Kommunane må sjekke tiltaket opp mot naturmangfaldlova, kulturminnelova og registrerte verdiar. Gardskartet viser desse verdiane og vil vere eit godt grunnlag som vedlegg til søknadsskjemaet.

Forskrift på nynorsk

Vi oppmodar LMD om å utforme den endelege forskrifta på nynorsk.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Truls H. Folkestad
naturforvaltar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift